



TIL

Rådmann i Voss Einar Hauge

Angåande plan om ny travbane på Voss


Skulen er gjort kjent med planane om den nye travbanen som Voss Tråvlag arbeider for å få realisert på Kyte i løpet av dei nærmaste åra.

For Nye Voss vidaregåande skule og hesteavdelinga vår, vil ein ny travbane representera ein viktig arena for å gje kommande elevar på hestelinja ei god og praksisnær travopplæring. Det har vore eit sakn for skulen vår at me ikkje har hatt ein travbane på Voss, og at me i mange år har måttta køyra til Bergen travpark for å få trena trav på bane.

Med ein ny travbane på Kyte vil me spara mykje reisetid i høve til bruk av Bergen Travpark, og me vil kunna auka opp timane og bruken med ein lokal travbane. Skulen vil ha behov for å leiga undervisningstid på travbanen og samstundes kunna bruka dei andre fasilitetane som naturleg hører til der.

Trav er ein sentral del av læreplanen innan hestefaget, og med ein ny og lokal travbane vil me kunna styrkja både elevtilgangen og det praktiske travarbeidet vårt i åra som kjem. Me har mange tidlegare elevar frå hestelinja som i dag har funne sin arbeidsplass som fagarbeidarar innan travmiljøet i Noreg. Seinast i førre veka køyrdde ein av våre seinare elevar, som arbeider for travtrenar på Bergen travpark, inn til seier i eit nasjonalt løp der.

Skulen er difor svært positiv til ein ny travbane og vil kunna vera ein viktig brukar av anlegget.

Voss 15.januar 2016


Svein Inge Kolve
assisterande rektor

Kopi til:

- **Ordførar i Voss kommune Hans Erik Ringkjøb**
- **Leiar i Voss tråvlag Jostein Finne**